

# *Norsk* Ordbok 2014

**ÅRSRAPPORT 2009**

**Oslo 2010**

# Innhald

Innleing.....	3
A. Rammevilkår.....	6
B. Manusarbeid.....	7
C. Utvikling av verktøy.....	8
D. Utviding og forbetring av tilfang.....	9
E. Formidling, informasjon og kompetanseheving.....	11
<b>Vedlegg 1. Tilsette og talet på årsverk i 2009.....</b>	<b>14</b>
<b>Vedlegg 2. Publisering og omtale.....</b>	<b>17</b>
<b>Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet.....</b>	<b>20</b>

## **Innleiing**

Norsk Ordbok 2014 legg med dette fram årsrapport for 2009. Prosjektets hovudføre mål er produksjon av *Norsk Ordbok*, og me lanserte band 8 (alfabetbolken *mugg - ramnsvart*) på eit eige lanseringsarrangement på Litteraturhuset i Oslo 12. november 2009. Manuskriptet til dette bandet blei ferdig og sendt til prenting 1. september 2009. Frå og med då av har redaksjonen arbeidd med band 9. Dette neste bandet skal sendast til prenting 1. desember 2010, og ved årsslutt er det produsert 274 sider.

Av dei underordna målsetjingane som var sette opp i årsplanen for 2009, har me gjennomført mange. Nokre tiltak blir også i år ståande på vent. Grunnen til dette er at den høge utgjevingstakten vår avgrensar kor mykje ekstra tilretteleggingsarbeid me får gjennomført. Då me fekk auka driftsløyving frå Universitetet i Oslo i juni 2009, gjorde dette oss i stand til å få gjennomført endå fleire av tiltaka i planen enn det lenge såg ut til. I 2009, som tidlegare år, har me hatt eit bra formidlingsår med mykje positiv respons i fleire fora.

## **Manusproduksjon**

Redaksjonen har nyredigert 389 sider av band 8 og 274 sider av band 9 i løpet av året. (Årsplanen la opp til 580 sider.) Til saman hadde me 663 sider ved utgangen av 2009. Dei 389 sidene til band 8 var blitt flytte gjennom alle stega i kvalitetssikringsprosessen i løpet av året, saman med ca. 5 sider til band 9. Det er sett i verk fleire tiltak for å få flytta manuskriptbolkane raskare i kvalitetskjeda, og dette ser ut til å ha god effekt. Dei redaksjonelle rutinane fungerer godt, og me har sett at særleg det å stykka bolkane opp i mindre delar gjev ein jamnare manuskriptstrøm til hovudredaktør og sitatkontroll. På denne måten kan arbeidsbyrden i sluttredigeringsfasen for kvart band blir mindre.

## **Folk og opplæring**

I 2009 har me hatt fem assistentar i opplæring. Alle fem har byrja i løpet av året, og såleis har ingen av dei så langt fått opprykk til redaktør. Ein redaktør har vore ute i 100 % permisjon sidan 1. august, og ein har hatt 100 % permisjon frå november. I tillegg har fleire redaktørar hatt mindre omsorgspermisjonar i løpet av perioden.

Ved utgangen av 2009 er 28 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. Ein redaktør er i svangerskapspermisjon, ein er i 75 % studiepermisjon og to har 30 % pensjonsordning. Administrasjonen tel tre personar fordelte på 3 årsverk, og me har 1,5 stilling til redaksjonssekretærordning. I 2009 har dessutan tre personar vore knytte til prosjektet som vitskaplege assistentar. Sjå vedlegg 1 for eit nøgnare oversyn over tilsette og effektive årsverk.

Me har hatt større opplæringsoppgåver i 2009 enn det me hadde føresett, men det ser ut til at me må rekna med mindre utskiftingar i redaksjonen som normalsituasjon, og at me også må forventa utskiftingar i staben i resten av prosjektperioden.

## **Utvikling av verktøy og utviding av materialet**

På utviklingsplanen EDD/NO 2014 for 2009 stod ferdigstilling av nyskrivinga av setelapplikasjonen i java, og dessutan vidare arbeid med nyskriving av dei andre delkomponentane i databasen. Setelapplikasjonen er ferdig, og arbeidet med nyskrivinga går vidare.

Produksjonen av NO 2014 blei flytt over på ny stormaskin hausten 2009, og likeeins blei utviklingsmiljøet for NO 2014 flytt over på ny stormaskin mot slutten av året. Begge desse flyttingane medførte omfattande utskifting av programvare, og dei kravde mykje testing og systemgjennomgang før dei kunne takast i bruk. I tillegg blei programvaren for netttenarmaskinen oppgradert, og også dette viste seg å vera svært arbeidskrevjande. EDD har vore for dårleg bemanna i høve til arbeidsoppgåver i 2009, og dei store maskinbyta har gått ut over det utviklingsarbeidet som EDD i fylgje årsplanen for 2009 skulle gjera for NO 2014. Derfor ligg NO 2014 fire månader på etterskot med nyskriving i Java av ramma for applikasjonane, og for sjølve applikasjonane.

Arbeidet med transkribering av talemålsmaterialet frå Tekstlaboratoriet går som før, og årets arbeid blei slutført i desember 2009.

Etter at me fekk ei tilleggsøyving på til saman 700 000 frå UiO/HF har me m.a. kunna setja i gang arbeid med tilrettelegging av tekst for korpus. I 2009 vaks det nynorske tekstkorpuset vårt til over 41 millionar ord. I desember 2008 var korpuset på 36 mill. ord, så auken det seinaste året har vore stor. Store mengder tekst er tagga og lagt inn, og m.a. har me ein heil ny årgang av Dag og Tid på plass. Me har vidare laga ein utvekslingsavtale med Unifob Aksis i Bergen og fått tilgang på nynorske avistekster som dei har i korpuset sitt.

NO 2014 har dette året inngått ei avtale med Unirand-selskapet Digforsk om at dei vederlagsfritt skriv inn elektronisk band 9 av Norsk Allkunnebok for oss. Innskrivinga går føre seg i Vesterålen, og me får fortløpande rapportar om arbeidet. Kvaliteten på dette arbeidet er høg, og me er svært nøgde med dette samarbeidet.

Ved årsskiftet var det lagt inn 14.531 nye setlar i setelarkivet, og dette er ein tilvekst som forventa.

Lars S. Vikør, Dagfinn Worren, Oddrun Grønvik og Olaf Almenningen har alle gitt småforskmidlane dei mottok frå ILN i 2009 (til saman kr 80 000) til vidare arbeid med digitalisering av kartmaterialet til Norsk dialektatlas. Dette arbeidet er det av stor verdi for oss at blir gjort, og Norsk Ordbok 2014 er svært takksame for at dei vel å bruka forskingsmidlane sine til dette føremålet.

Me har dette året sett i gang redaksjonsintern skolering i form av eit kurs om bruk og tolking av målførekjeldene våre, og om dei redaksjonelle retningslinene i møte med desse. Tiltaket er blitt svært godt motteke, og tanken er at det skal styrka målførekompetansen i heile redaksjonen.

## **Administrasjonen**

Administrasjonen har i 2009 bestått av prosjektdirektør Åse Wetås, førstekonsulent Andreas Tandberg og førstekonsulent Rebecca Boxler Ødegaard (fram til 4.3.09). Ødegaard blei frå 8.6.09 erstatta med konsulent Ragnhild N. Førland.

## **Styret**

I 2009 har desse vore medlemmer av styret for Norsk Ordbok 2014: Styreleiar Magnus Rindal, varaleiar Randi Alice Nilsen, Inger-Johanne Ullern, Audun Heskestad, Marie Korsvoll (vara Elisabeth Solberg møtte første halvår), Øyvind Eide (frå og med 1. april har vara Christian-Emil S. Ore møtt) og Knut E. Karlsen. Styret har hatt sju møte og handsama 40 saker.

## **Formidling**

Ordboksredaksjonen har vore representert på fem fagkonferansar med føredrag i året som gjekk. Me sende ein stor delegasjon på Nordisk konferanse i leksikografi i Tammerfors i juni, og mange deltok på MONS i Trondheim i november 2009. I oktober gjennomførte Det kongelige norske videnskabers selskab (DKNVS) i Trondheim eit eige seminar om Norsk Ordbok og norsk målføregransking. Også i år hadde me deltaking med eiga bu på Forskingstorget i Oslo (18.–19. september). Deltakinga resulterte i mykje merksemd kring prosjektet vårt og me fekk nokre fine medieoppslag.

I juni i år blei prosjektet presentert i ein feature-artikkel over fem sider i Magasinet (Dagbladet). Dette fekk me mange gode tilbakemeldingar på. Også lanseringa av band 8 i november gav oss fin mediedekning. Sjå elles vedlegg 2 og 3.

## **Takk**

Me vil takka Stortinget, Kulturdepartementet, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gitt Norsk Ordbok 2014 gode arbeidsvilkår også i 2009.

Åse Wetås  
1. februar 2010

## A. Rammevilkår

### 1. Organisering og finansiering

Mål 2009	
a) Me vil arbeida vidare for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av instituttet (øg i lys av den kommande digitaliseringsmeldinga), men samstundes syta for at prosjektet har sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	Samlingsverksemda utgjer inga eiga organisatorisk eining i instituttstrukturen, og miljøet skal etter ILNs langtidsplanar bli mindre. Me har i perioden halde nær kontakt med instituttet om dette.
b) Me vil søka midlar på statsbudsjettet innan fristen 2. mars.	Gjennomført.
c) Me vil be om at det blir lagt inn ein auke i driftsmidlane frå UiO i universitetets langtidsbudsjett, for å sikra at prosjektet ikkje må endra utgjevingsplan og seinka produksjonsfarten.	Me fekk i august inn ei ekstraløyving frå UiO på 500.000 og ei tilleggsøyving frå HF på 200.000 for inneverande år. Me har søkt UiO om auka driftsløyving for budsjettåret 2010 (totalt 2,6 mill), og med vidare auke til 20 % av løyvinga frå Kulturdepartementet ut prosjektperioden.
d) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør (men jf pkt A1e).	Under arbeid.
e) Me vil laga ei forsøksordning med alternerande gruppeleiarlesing.	Me har i samband med at me har teke fem nye redaksjonsassistentar inn i opplæring gjort nokre omrokeringar i kollegalesingsordninga.
f) Me vil arbeida for å etablera god og regelmessig kontakt med ny instituttleiing og ny kontorsjef ved ILN.	ILN-leiinga var på vitjing og omvisning på NO 2014 18. mars. Forskingskonsulenten var på omvisning og demonstrasjon av digitale verkty 6. mai. Me deltek fortløpande i arbeid som gjeld leksikografi og samlingsmiljøet ved ILN (jf pkt. A1a).

### 2. Lokalisering

Mål 2009	
a) Me skal halda tett kontakt med HF og ILN for å følgja prosessen med rehabiliteringa av Preklinisk odontologi-bygningen og dei evt. flytte- eller samlokaliseringsplanane til instituttet.	Me har komme med munnlege innspel til ass. fakultetsdirektør 3. februar og til ILN 18. mars om at flytting er tid- og kostnadskrevjande for oss, og vanskeleg å passa inn i NO 2014s strame produksjonsplan. IFIKK flyttar inn i PO-bygningen, og der blir det då ikkje plass til ILN. For samlingsverksemda og for NO 2014 ønskjer ILN seg på sikt samlokalisering med resten av instituttet. Redaksjonsgruppa på NTNU har i løpet av året blitt flytte ut frå kontora sine og over i

	eit gruppelandskap som dei etter planen må belaga seg på å dela med andre leigetakarar ved NTNU. Saka har vore vanskeleg, og me har vore i dialog med NTNU om ho heile hausten. Redaksjonsgruppa opplever at dei ikkje har fullgode arbeidsforhold.
--	---

### 3. Personale

Mål 2009	
a) Om budsjettet tillet det, vil me ta inn ein eller to redaksjonsassistentar til opplæring.	Me har teke inn fem nye redaksjonsassistentar i opplæring i 2009. Fire av desse går inn i vakansar, medan den femte er teken inn på toppen av staben.
b) Me vil undersøka moglegheitene for å ha ein assistent inne på arbeidspraksisplass.	Gjennomført (2 månader, BK).
c) Me vil gje opplæring til ny(e) redaksjonsassistent(ar).	ÅN og EHT gjekk inn i opplæring frå og med tilsetjingstidspunktet. KE, TO og SW kom inn i opplæring frå 2. halvdel av september.
d) Me vil tilsetja ny medarbeidar i den administrative stillinga som blir ledig i mars 2009.	Ragnhild N. Førland er tilsett med startdato 8. juni 2009.
e) Om budsjettssituasjonen tillèt det, vil me engasjera hjelp for tagging av tekst.	Me har brukt midlar tilsvarande 2,5 månaders arbeid på korpustagging etter ekstraløyvinga på driftssida.
f) Me må forsøka å få minimum 25 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga vår.	Slik reknestykket ser ut nå, har me fått 25,3 produktive årsverk ut av løyvinga.

## B. Manusarbeid

### 4. Band 8 og 9

Mål 2009	
a) Band 8 skal etter planen ferdigstillast til 1. september. Det vil seia 349,7 sider med nyredigering, 610 sider med kvalitetskontroll og 800 sider med korrektur.	Band 8 blei ferdigstilt til tida. Det måtte hentast inn ekstra redigeringshjelp for at me skulle nå målet (LK og ÅW).
b) Utarbeida innleiingstekst og bibliografitillegg til band 8 til 15. mars.	Gjennomført.
c) Utarbeida korrekturinstruks før 1. juni	Gjennomført.
d) La fire redaktørar gjera ferdigkontroll av samla manuskript den siste veka i august.	Gjennomført v/ KS, AE, HG og DR. I tillegg blei ÅSR og SBO med på dette arbeidet.
e) Me skal nyredigera 230 sider av band 9 i perioden september-desember.	Månadssnitt er sett til 57,5 sider, for skuld store og tidkrevjande opplæringsoppgåver i redaksjonen. Ved årsskiftet var det nyredigert 274 sider band 9-materiale.
f) Kvalitetskontrollen bør i størst mogleg grad skje fortløpande.	I perioden.

g) Me skal dimensjonera band 9 før 1. juni	Gjennomført.
--	--------------

## 5. Band 1 til 5

<b>Mål 2009</b>	
a) Redaksjonen har ikkje kapasitet til å driva arbeidet med bd. 1-5 vidare dersom måla for nyredigering skal nås. Administrasjonen skal i løpet av året laga eit oversyn og ein plan for ferdigstilling av dette arbeidet på lenger sikt, og drøfta dette med EDD.	Styret er orienterte om at me manglar kapasitet til slike arbeidsoppgåver, og at dei vil måtta leggjast til tida etter 2014.

## C. Utvikling av verktøy

### 6. Redigeringsapplikasjonen

<b>Mål 2009</b>	
a) Nyskrivinga av setelapplikasjonen skal gjerast ferdig, og testinga skal gjerast i januar og februar.	Gjennomført. Setelapplikasjonen er ferdig og teken i bruk.
b) Redigeringsplattforma skal nyskrivast og det skal komma på plass funksjonalitetsforbetringar i redigeringsapplikasjonen. Me skal akkumulera ei liste med spesifiseringar av funksjonalitetsforbetringar som skal inn (som endra dimensjonering ved homograf-separering, programforenklingar som tillet klipping, liming og undertrykking i målføredelen av hakeparentesen og enklare bruk av rapporteringsfunksjonen)	EDD har tilrådd at sjølve redigeringsplattforma blir nyskriven til slutt i prosessen, dvs. etter alle dei andre delkomponentane. Arbeidet er i gang, men kan ikkje slutførast før i 2010.
c) Me skal vidareføra arbeidet med å integrera transkribert talemålsmateriale frå Tekstlaboratoriet i applikasjonen.	Materialet er overlevert EDD for vidare bearbeiding.

### 7. Elektronisk utgåve av ordboka

<b>Mål 2009</b>	
a) Me vil få på plass ei endeleg avtale om (dei mellombels) rettane til den elektroniske utgåva av ordboka fram til utgangen av 2014.	Me har sett i gang det tekniske arbeidet (v/EDD). Me vil be ILN om å få ei juridisk vurdering av den rettslege stoda. Samlaget har laga eit utkast til kontrakt om elektronisk utgåve som UiO førebels ikkje har svara på.

### 8. Setelarkivet (SA)

<b>Mål 2009</b>	
a) Den nye setelapplikasjonen skal på plass.	Gjennomført.

b) Testinga av setelapplikasjonen skal skje ved setelarkivgruppa i januar og februar.	Testing skjedde i perioden mars – mai. Gjennomført.
c) Me skal leggja inn funksjonalitetsforbetringar i den nye SA.	Gjennomført.
d) Me vil leggja til nye element i databasen som gjer det mogleg å leggja inn bilete og kart (før utgangen av april), og seinare lyd (etter april).	Under arbeid.

## 9. Målføresynopsisen

<b>Mål 2009</b>	
a) Me vil gjera ferdig arbeidet med den digitale synopsisen slik at det blir mogleg å gjera søk på ord og lokalitet. Tiltaket føreset finansiering frå ILN.	Avslag på søknad om forskingsmidlar frå ILN februar 2009. Me søkte om infrastrukturmidlar frå NFR til ei større digitaliseringspakke der synopsisen inngår, og fekk i september avslag på denne søknaden (jf også pkt. 11 f, g)
b) Me skal delta i arbeidet med å få godkjend <i>norvegia</i> i Unicode.	Me søkte om midlar frå NFR som del av ei større infrastrukturpakke (avslag september 2009).
c) Me vil leggja inn Storm-ordlista i MO	Gjennomført.

## 10. Redigeringshandboka

<b>Mål 2009</b>	
a) Me vil revidera underoppslagskapitlet.	Arbeidet er for stort og tidkrevjande til at me har kunna gjennomføra det i inneverande år.
b) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeiding av vedtak gjennom heile året	Gjennomført.

## D. Utviding og forbetring av tilfang

### 11. Nynorsk tekstkorpus

<b>Mål 2009</b>	
a) Me vil få på plass avtaler med aviser og einskild-rettshavarar om levering av elektronisk tekst til korpus.	Me har m.a. fått på plass ei stor avtale med rettshavarane etter Halvdan Koht, og har nå byrja å leggja inn Koht-tekst i korpuset. Me har inngått avtale om stoffutveksling med AKSIS i Bergen, og får nynorsk avismateriale frå dei i bytte mot årgangar av Dag og Tid.
b) Om økonomien tillet det vil me engasjera sommarhjelp for å tagga meir sakprosa for innlegging i korpuset.	Me har hatt inne taggarar tilsv. 10 veker, og i tillegg har BK, RNF og OG utført taggearbeid. Tilveksten i 2009 er på 3 128 978 ord, og korpuset har til saman auka til over 41 mill. ord.
c) Me vil digitalisera ferdig band 8-9 av <i>Norsk allkunnebok</i> ved innskrivargruppa i Masi, bd. 10 ved Elisabeth Holm.	Under arbeid. Me har laga avtale med Digforsk (UniRand), som leverer attende arbeid av høg kvalitet. Band 10 er skrive inn

	av EH. Me har avslutta samarbeidet med Masi.
d) Me skal tagga og leggja inn GOS.	Gjennomført.
e) Me skal kopla opp NLO.	Under arbeid. Til fullføring tidleg i 2010.
f) Me vil digitalisera etterreformatorisk tekst ( <i>Den fyrste morgonblånen</i> , evt. <i>I det meest upolerede bondesprog</i> ) med parallellkorpus. Tiltaket føreset ekstern finansiering (Småforskmidlar).	Det har ikkje vore mogleg å søka småforskmidlar til slike prosjekt i år. Me har søkt NFR, men fått avslag (jf 9a).
g) Me vil søka Forskingsrådet om midlar til ei større satsing på digitalisering av etterreformatorisk tekstmateriale (ordsamlingar og tekstar). Tiltaket føreset at me finn partnarar ved andre institusjonar som står som medsøkjjarar.	NFR-avslag.

## 12. Metaordboka

<b>Mål 2009</b>	
a) Me vil normera MO på dei alfabetbolkane der det går føre seg redigering ( <i>o-r</i> )	Gjennomført.
b) Me vil kopla opp 6 prioriterte eldre ordsamlingar.	EH har laga eit Oxygen-format, men me har ikkje hatt ressursar til å få gjort taggejobben.
c) Me vil publisera digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.	Ordbokshotellet er lagt ut på nettet.
d) Me vil kopla opp mest mogleg av dei 23 attståande tagga målføreordsamlingane og gjennomgå taggesystema.	Status som for 12b)

## 13. Digitale målførekart

<b>Mål 2009</b>	
a) Transkribering av lydbandopptak frå målførearkivet. NO 2014 løyver Tekstlaboratoriet midlar tilsvarende 2 mnd.-verk til dette arbeidet.	Tekstlaboratoriet har gjort denne jobben i haustsemesteret v/ nynorsk-kunnskule-assistent. Under arbeid (ferdig til utgangen av desember)
b) Ferdigstilling av arbeidet med ei nettpubliseringsløysing for dei digitale målførekart. Tiltaket føreset ekstern finansiering (Småforskmidlar).	Me har nytta OG-, OA-, DW- og LSV-småforskmidlar. På slutten av året er MMW nå inne på NO 2014-midlar for å arbeida vidare med karta.

## 14. Nytt tilfang

<b>Mål 2009</b>	
a) Me tek sikte på å registrera 15 000 nye oppslag i 2009.	I 2009 blei det lagt inn 14.531 nye setlar i SA.
b) Me vil bistå med tilrettelegging av ferdigstilling av digitalisering av Skogen-materialet ved pensjonist.	Gjennomført.
c) Me vil bistå med tilrettelegging av digitalisering av Haugen-samlinga ved	Under arbeid.

pensjonist. Heile året.	
-------------------------	--

## E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

### 15. Formidling og informasjon

Mål 2009	
a) Lansering av bd. 8 i Oslo i november.	Lanseringsdato: 12. november. Stad: Litteraturhuset i Oslo. Gjennomført.
b) I samband med arrangementet vil me arbeida for å få best mogleg pressedeckning. Me lagar pressemelding + eit oversyn over lokalaviser og legg ut på fellesområdet vårt, slik at redaktørane kan ta kontakt med aviser i "sin" region.	Me utarbeidde band-statistikk og sende ut pressemeldingar som ved førre lansering. Gjennomført (jf vedlegg 3).
c) Me vil arbeida saman med EDD for å laga ny nettstad for Norsk Ordbok 2014. Tiltaket føreset delvis ekstern finansiering.	Me har vore i dialog med ILN-leiinga og web-redaktøren på HF om dette. Nettgruppa arbeider med konkrete utformingsplanar. Tre frå redaksjonen (SBO, KEK, ÅW) har vore på e-Leksikografikonferanse i Belgia for å henta idéar. Me bruker 1 månadsverk v/EDD til byrjande arbeid med nettsida i 2009, og ønskjer ferdigstilling av denne i 2010.
d) Me vil halda foredrag for journaliststudentane ved Høgskolen i Oslo (5. februar) og journalistlærlingane frå Nynorsk mediesenter (13. februar)	Gjennomført. (HiO 5.2., Nynorsk mediesenter kom med lærlinggrupper både 13.2. og 25.9.09)
d) Me vil delta på Open dag for elevar frå vidaregåande skole 5. mars.	Gjennomført.
e) Me vil ha bu på Forskingstorget i september 2009. Føresetnaden er at administrasjonen tek hovudtyngda av arrangementsansvaret.	Gjennomført.
f) Me vil vera representerte i forum som kan gagna prosjektet, og som ikkje går på tvers av framdrifta. Døme er Nynorsk Forskarnettverk, Dei nynorske festspela, Granavollen-seminar, Nynorsk forum, forskingsgruppe i leksikografi ved ILN og matkulturprosjektet ved NTNU.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Deltaking på festseminaret til Arkiv for dialektforskning, KU 20.2. (ÅW)</li> <li>• Deltaking i Nynorsk forum</li> <li>• Deltaking på Granavollen 24. og 25. mars, samt 11. og 12. oktober (TS)</li> <li>• Arrangementsansvar for forskargruppa i leksikografi 2009 (ÅW og AT)</li> <li>• Foredrag (3 t.) på forskarkurs i leksikografi. Göteborgs Universitet (OG og ÅW).</li> <li>• Helsingstale på landsmøtet i Noregs Mållag 25.04.09 (LIAa).</li> <li>• Forelesing, MA-kurs i leksikografi (DR, KEK) + korpusforedrag, MA-kurs i leksikografi (OG, KAS)</li> <li>• Kystkulturkonferansen 2009 (v/EJE)</li> <li>• Deltaking på Dei nynorske festspela</li> </ul>

	<p>(LSV, DW)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Foredrag, FORSE-seminaret i Bergen (ÅW)</li> <li>• Deltaking på Språkmøtet i Borgå, 3.-5. september (OG, LSV)</li> <li>• Foredrag på Språkdagen 11.11. (OG)</li> <li>• To redaksjonsassistentar med NO-foredrag på Kognitivt seminar (ÅN, EHT, 12.11.)</li> </ul>
g) Me vil delta i gjennomføringa av eit DKNVS-seminar i Trondheim 9.–10. oktober.	Gjennomført, med fire NO 2014-foredrag (LSV, ÅW, TEJ, ÅSR). TEJ og LSV hadde arrangementsansvar.

## 16. Kompetanseheving

<b>Mål 2008</b>	
a) Me vil gje opplæring til evt. nye redaksjonsassistentar.	Gjennomført.
b) Me vil halda eit målføreseminar (5 dobbelttimar) for dei redaktørane som treng å styrka kompetansen sin på dette feltet.	Gjennomført.
c) Me vil vera representerte med foredrag på internasjonale konferansar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 18 frå redaksjonen på NLF-konferanse i Tammerfors 2.–5. juni Tre foredrag og programvarepresentasjon (OG, SBO, ÅW, KEK, TS).</li> <li>• To redaktørar på ALE-konferanse i Edinburgh, 24.-26. juni.</li> <li>• Deltaking (EJE) på konferanse i historisk lingvistikk i Nijmegen, 15.-20. august.</li> <li>• Ein redaktør var på konferanse om kasus (Case in and across languages) i Helsinki 27.–29.08. (eitt foredrag, ÅN)</li> <li>• Tre på e-leksikografikonferanse i Belgia 21.-23. oktober (ÅW, SBO, KEK).</li> <li>• 11 frå redaksjonen til MONS 26.–28. nov. – 7 av dei leverte til saman 5 foredrag (DW, DR, ÅW, OG, ÅSR, ÅN, EHT).</li> <li>• Ein redaktør med foredrag på leksikografikonferanse i Vilnius 25.-26.november (SBO).</li> <li>• Ein redaktør heldt foredrag v/Senter for skandinavistikk i Vilnius (SBO)</li> </ul>
d) Me vil arrangera sommar- og juleseminar med eksterne foredragshaldarar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sommarseminar 18. og 19. juni 2009 (18. juni seminar med NAOB i</li> </ul>

	<p>Nydalen, 19. juni til Samlaget).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Juleseminar 10. og 11. desember.</li> </ul> <p>Fem eksterne foredragshaldarar.</p>
e) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør me vera representerte på dette kurset.	Inga deltaking frå NO 2014 i 2009.
f) Dei som har behov for det, bør gå på Powerpoint-kurs i 2009.	Ingen har gått på kurs.
g) Me bør senda nokre tilsette på kurs i Excel.	AT har vore på Excel-kurs.
h) Me bør arbeida for å få fram individuelle forskingsprosjekt med tilknytning til den digitale basen vår.	Ein redaktør har doktorgradstipend og arbeider med dialektsyntaks. Han er tilsett hos oss i 25 %, og tanken er at det skal gi positiv effekt både for oss og for Ph.D.-prosjektet.
i) Me vil setja av midlar til to mastergradstipend á 15.000 kr til studentar som nyttar materialet vårt til leksikografisk masteoppgåve.	Me fekk ikkje høve til å betala ut masterstipend i 2009. Grunnen til dette var at UiO-administrasjonen ikkje fann korrekte retningsliner og relevante skatteopplysningar som gjeld utbetaling av slike stipend før UiO-fristen for utbetaling av bilagsløn for 2009 (27. november 2009).

## Vedlegg 1. Tilsette og talet på årsverk i 2009

Namn	Stilling	Stillingsprosent	Til dispo. For NO	Lønt av	Tilsetjingsperiode	Månadsverk
Almenningen, Olaf	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Askeland, Anneke	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Berg-Olsen, Sturla <sup>1</sup>	Redaktør	100 %	100%	NO	1.1.–31.12.	11
Eide, Kristine	Redaksjonsassistent	100 %	100 %	NO	1.10.–31.12	3
Ellingsve, Eli	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Endresen, Øyalf <sup>2</sup>	Redaktør	70 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	8,4
Engø, Anne	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Førland, Ragnhild Norheim	Konsulent	100%	100%	NO	1.6. –31.12	7
Grønvik, Oddrun	Hovud-Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Gundersen, Helge	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Harildstad, Gudmund <sup>3</sup>	Redaksjons-Sekretær	100 %/80 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	11,8
Hellum, Hege <sup>4</sup>	Redaktør	80 %/100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	10,8
Ims, Ingunn Indrebø	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.7.	8
Jenstad, Tor Erik	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Karlsen, Knut E. <sup>5</sup>	Redaktør	80 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	9,3
Legreid, Ingjerd	Redaktør	100 %	100%	NO	1.1.–31.12.	12
Nilsen-Nygaard, Astrid	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Nordbø, Børge	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.-15.09.	8,5
Næss, Åshild	Redaksjonsassistent	100 %	100 %	NO	1.8. –31.12	5
Opsahl, Toril <sup>6</sup>	Redaksjonsassistent	80 % / 100 %	100 %	NO	1.10. – 31.12	2,5

<sup>1</sup> Sturla Berg-Olsen har vore frikjøpt ein månad for å arbeida på eit norsk-litauisk ordboksprosjekt.

<sup>2</sup> Øyalf Endresen var i 30 % sjukmelding ut januar 2009, og gjekk deretter over på 30% mellombels pensjonsordning.

<sup>3</sup> Gudmund Harildstad har 20 % ulønt permisjon for å arbeida i Dag og Tid i perioden 1.–31.12.09.

<sup>4</sup> Hege Hellum hadde 20 % omsorgspermisjon 1.1.-30.6.09.

<sup>5</sup> Knut E. Karlsen har hatt 20 % omsorgspermisjon heile året. I tillegg har han hatt permisjon tilsv. 0,5 mnd.-verk tidlegare i år.

Rekdal, Solveig <sup>7</sup>	Redaktør	100 %/ 90% /80%	100 %	NO	15.3.– 31.12.	9,1
Runde, Ålov	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Rødningen, Dagfinn	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Sakshaug, Laila	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.7.	7
Selvik, Kari Anne	Redaktør	100 %	100%	NO	1.1.–31.12.	12
Skadberg, Kåre	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Svardal, Terje	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Tandberg, Andreas	Førstekonsulent	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Tangen, Håvard	Vit.ass.	50 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	6
Toft, Ellen H. <sup>8</sup>	Redaksjonsassistent	100%	100%	NO	8.6. –31.12.	5,5
Vikør, Lars S.	Hovudredaktør	100 %	80 %	ILN	1.1.–31.12.	9,6
Wetås, Åse	Prosjektleder	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	12
Wiggen, Gunnhild <sup>9</sup>	Redaktør	70 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	8,4
Wikstrøm, Solveig	Redaksjonsassistent	100 %	100 %	NO	1.10.–31.12	3
Worren, Dagfinn	Hovudredaktør	100 %	80 %	ILN	1.1.–31.12.	9,6
Ødegaard, Rebecca Boxler <sup>10</sup>	Førstekonsulent	80 %	100 %	NO	1.1.–3.04.	2
Aa, Leiv Inge <sup>11</sup>	Redaktør	100 % / 25%	100 %	NO	1.1.–31.12.	7,5
Aamodt, Gunhild <sup>12</sup>	Redaktør	100 %	100 %	NO	1.1.–31.12.	10
Martinussen, Hege Dale	Assistent	-	-	NO	(timebasis)	1,25
Wangen, Ann Kristin	Assistent	-	-	NO	(timebasis)	1,25
<b>Sum</b>						<b>352,4</b>

Til saman 40 personar har vore i arbeid for Norsk Ordbok 2014 i 2009. Dei har ytt 357,5 månadsverk eller 29,8 årsverk.

<sup>6</sup> Toril Opsahl har hatt 20 % permisjon i perioden 1.10.-15.12. for å gjera seg ferdig med undervisning på ILN.

<sup>7</sup> Solveig H. Rekdal var i fødselspermisjon fram til 15.03. Ho hadde 20 % omsorgspermisjon i august, og har hatt 10 % omsorgspermisjon 1.11.-31.12.09.

<sup>8</sup> Ellen H. Toft har avvikla 5 veker ulønt ferie etter at ho byrja hos oss.

<sup>9</sup> Gunnhild Wiggen har vore i permisjon i 30 % 1.1.–31.12.

<sup>10</sup> Rebecca B. Ødegaard hadde 20 % permisjon frå årsskiftet og fram til ho slutta.

<sup>11</sup> Leiv I. Aa har hatt 100 % foreldrepermisjon 1.8.09-12.10.09. Frå og med 12.10.09 har han 75 % ulønt permisjon frå NO.

<sup>12</sup> Gunhild Aamodt har vore i foreldrepermisjon 3.11.–31.12.09.

Av disse årsverka er 2,8 årsverk brukte til administrasjon, 1,7 årsverk er brukte på sitatkontroll, metaordboka og korpusoppbygging. Det vil seie at 25,3 årsverk er brukte på redigering, og disse årsverka fordeler seg på 32 ulike redaktører/redaksjonsassistenter.

## Vedlegg 2. Publisering og omtale

### Faglege publikasjonar

#### **Almenningen, Olaf**

Melding av to ordsamlingar (Ål i Hall. og Melhus) i Norsk Tidend nr. 2, 2009.

#### **Berg-Olsen, Sturla**

Initial polar question particles in Baltic and Scandinavian, i: *The Baltic languages and the Nordic countries. Abstracts*. Universitetet i Oslo. Side 7–8 .

Lacking in Latvian – case variation from a construction grammar perspective, i: Jóhanna Barðdal og Shobhana L. Chelliah (red.) *The Role of Semantic, Pragmatic, and Discourse Factors in the Development of Case*. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins. Side 181–202.

*Norsk Ordbok*: How and why data from standard language and dialects are combined in one dictionary, i: *Nuo Konstantino Sirvydo iki didžiojo Žodyno. Tarptautinės mokslinės konferencijos pranešimų tezės*. Vilnius: Lietuvių kalbos institutas. Side 11.

#### **Berg-Olsen, Sturla; Išganaitytė, Eglė**

Grammatisk informasjon i middels store tospråklege ordbøker – prinsipp og utfordringar på bakgrunn av arbeidet med *Norsk–litauisk ordbok*, i: *10 konferensen om leksikografi i Norden*. Tammerfors: Tammerfors universitet.

#### **Ellingsve, Eli**

Fyr til fyr i Fosen. Trondheim: Norsk Fyrhistorisk Forening 2009, 34 s.

Løytnantøya, Ekserplassen og Korporalsbrua - tre militærnavn i Støren. *Bygdebladet for Støren, Rognes og Snøan* 2009.

Trønderord for trøndermat. Språk som diskursivt element i en opplevelsesnæring. ISBN 978-82-303-1276-6. 77 s. Forskningsrapport NTNU. Saman med Sunniva Saksvik.

#### **Jenstad, Tor Erik**

Dativ – eit språkleg kulturminne. I *Du Mitt Nordmøre* 209, s. 120–125.

Kor kjem orda våre frå? I Leikvin, *Årsskrift for Sunndal Museumslag* 2009, s. 81–90.

Litt om ord og uttrykk frå seterlivet. I *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2009, s.38–41.

Melding av Tone Tryti: *Norsk slangordbok*. *LecicoNordica* 16, s. 319–324 (saman med Carina Nilstun).

*Norsk Ordbok* – Noregs største vitenskaplege ordboksverk. *DKNVS årbok* 2008, s. 91–94.

Stråkkå fættå. I *Hendt og hender* 2009 (årbok for Tingvoll), s. 67–70.

**Næss, Åshild**

How transitive are 'eat' and 'drink' verbs? I: *The Linguistics of Eating and Drinking*. John Benjamins Publishing Company 2009, s. 27–43.

**Opsahl, Toril**

Wolla I swear this is typical for the conversational style of adolescents in multiethnic areas in Oslo. I *Nordic Journal of Linguistics* 2009, Volum 32.(2) s. 221–244.

**Rødningen, Dagfinn**

Intervju om Norsk Ordbok 2014 i Fredrik Harstad & Annica Anderson: *Expedition: Språk i Norden* (nordienT, 2009), s. 90–91 [lærebok om språk og språkbruk i Norden retta mot svenske gymnaselevar].

Melding av Geirr Wiggen, Tove Bull & Marit Aamodt Nielsen (red.): *Språkhistorie og språkkontakt*. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 2009, s. 156–162.

**Kari-Anne Selvik**

"At skabe kommunikation med personer med medfødt døvblindhed". I "faghæfte"-serie utgjeven av 'Videnscenter for Døvblindfødte', 2009, Aalborg.

**Vikør, Lars Sigurdsson**

Begrepet standardtalemål – forsøk på ei opprydding. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1: 49–65.

Behandling av ordsamband i norske einspråklege eittbandsordbøker. *LexicoNordica* 16: 241–253.

Lexicography and language planning in Scandinavia and the Netherlands. S. Nielsen og S. Tarp (red.): *Lexicography in the 21<sup>st</sup> Century*. John Benjamins Publishing Company, s. 123–143.

LSS gjennom femti år, del I: 1959–1989. P. S. Hansen, V. R. Jahnsen, E. Papazian og A. Torp (red.): *Femti år for folkemålet. Utvalgte artikler fra bladet Språklig Samling*. Landslaget for språklig samling, s. 9–37.

Omnormering av nynorsk på tidleg 2000-tal – behov eller trong? H. Omdal og R. Røsstad (red.): *Språknormering – i tide og utide?* S. 269–281. Novus.

**Vikør, Lars S.; Jørgensen, Jon Gunnar**

Maal og Minne 100 år. *Maal og Minne* 2009 (1) s. 1–2.

**Wetås, Åse**

Svar frå doktoranden. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 2009; Volum 27.(2) s. 349–362.

**Wikstrøm, Solveig**

Etternavn, tilknytning og identitet i det post-tradisjonelle samfunnet. I: *Namn og Nemne*. Tidsskrift for norsk namnegransking 2009 (26), s. 93–110.

**Worren, Dagfinn.**

Ivar Aasen-almanakken 2010. Oslo: Dag og Tid 2009 (ISBN 978-82-8115-013-3) 198 s.

**Aa, Leiv Inge.**

Kor mange ord på "q" kan du? *Språknytt* 2009 (4) s.

## **Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet**

### **Avisoppslag**

#### **Almenningen, Olaf**

Intervju og presentasjon av NO 2014 i Dagbladet/Magasinet laurdag 4. juli 2009.

#### **Ellingsve, Eli**

"Det er bra nok for oss oppi Hegra". *Stjørdalens Blad* 2009, s. 9.

Ord i nord. Fast spalte i Nordnorsk Magasin. (om lag 40 nordnorske ord i 2009).

Ramsalte ord. Fast spalte i tidsskriftet Kysten. (to sjørelaterte ord i 2009 – *kasjetthuve, stille*).

#### **Jenstad, Tor Erik**

Bidrag med intervju i artikkelen "Æ e trønder æ!" i Byavisa. 16.6.

By'n oss er perfekt. Intervju i avisa Tidens Krav. 26.2.

Inavættes dialekt. Intervju i Stjørdalens Blad 15.12.

Spør Adressa. 7.7.

Spør Adressa – om *kuvending*. 22.9.

Spør Adressa (*torever* m.m.) 8.9.

Spør Adressa. Om genus. Spørjespalte. 12.10.

Spør Adressa. Om å tenke koffert. Spørjespalte. 28.9.

Spør Adressa. Om "stede til hvile" og "skøytingsokå". 4.11.

#### **Worren, Dagfinn**

Avduka Dag og Tid. *Dag og Tid* 2009 (49).

Mange ord frå Søre Sunnmøre [Følgjeartikkel til pressemelding om band 8 av Norsk Ordbok]. *Vestlandsnytt (Lokalavisa for Herøy og Sande)* 2009 (86).

Ord frå Ørsta var grunnstomnen [Følgjeartikkel til pressemelding om band 8 av Norsk Ordbok]. *Møre-Nytt* 2009 (133).

### **Føredrag**

#### **Almenningen, Olaf**

Innleiing om norske ordsamlingar på målførekurs i NO2014 fredag 20.10.

#### **Berg-Olsen, Sturla**

Bruk av nettbaserte kjelder i leksikografisk arbeid (spesielt med *Norsk–litauisk ordbok*). Gjesteførelesing for tilsette ved Vilnius universitet, Senter for skandinavistikk 24.11.

Grammatisk informasjon i middels store tospråklege ordbøker – prinsipp og utfordringar på bakgrunn av arbeidet med *Norsk–litauisk ordbok* (medforfattar Eglė Išganaitytė). Innlegg på 10 konferensen om leksikografi i Norden. (Tammerfors 3.6–5.06.)

Initial polar question particles in Baltic and Scandinavian. Innlegg på konferansen *The Baltic languages and the Nordic countries*. (Oslo 19.6–20.6.)

Kognitiv semantikk og grammatiske markørar. Teori og praksis med utgangspunkt i latvisk dativ. Gjesteføreling for ASK-prosjektet ved Universitetet i Bergen 22.4.

*Norsk Ordbok*: How and why data from standard language and dialects are combined in one dictionary. Innlegg på konferansen *Nuo Konstantino Sirvydo iki didžiojo Žodyno*. (Vilnius 19.–20.11.)

Ordbøker, norsk og litauisk grammatikk. Gjesteføreling for norskstudentar ved Vilnius universitet, Senter for skandinavistikk 23.11.

### **Ellingsve, Eli**

4 stammers språkmøte – finnmarksord i Norsk Ordbok. (Vitskapleg) innlegg på instituttseminar ved NTNU 19.10.

Finnmarksord i Norsk Ordbok. (Populærvitskapleg) foredrag, Nordkappmuseet 28.11

Namnekonsulenttenesta – teori og praksis. Stadnamnseminar; 2.9

### **Grønvik, Oddrun**

Eit inventar for leksikaliserte frasar i norsk. Underoppslaget i Norsk Ordbok 2014. 10. Konferensen om leksikografi i Norden; 03.06 – 05.06

Finlandssvensk sett utanfrå – livsrett og råderom. Vad innebär Märkesåret 1809 för språket?; 2.4.

Kva er nytt? Aviser som kjelde til ordtilfang. Ein analyse av korpustilveksten i 2006-årgangen av *Dag og Tid*. Møte om norsk språk (MONS) 13; 26.11.

Standardspråk som demokratisk gode. Språkdagen 2009; 11.11.

Stilmerking i Norsk Ordbok 2014 – teori, status og praksis. Juniseminaret Norsk Ordbok 2014; 18.6–19.6.

### **Grønvik, Oddrun; Gundersen, Helge.**

Uttaleopplysningar i Norsk Ordbok. Juleseminaret NO 2014; 10.12.

### **Grønvik, Oddrun; Ridings, Daniel.**

Aviser som kjelde til nytt ordtilfang. 2006-årgangen av *Dag og Tid*. Møte i forskargruppe for leksikografi; 9.5.

**Grønvik, Oddrun; Wetås, Åse.**

Frå ord i tale til ord i bok. Norsk Ordbok 2014. Gjesteførelsing journalistutdanninga HiO; 5.2.

Norsk Ordbok 2014 – Eit oppslagsord på vegen frå tilfang til artikkel. Leksikografiseminar for doktorgradsstipendiatar; 25.3.

**Gundersen, Helge; Grønvik Oddrun; sjå Grønvik, Oddrun; Gundersen, Helge**

**Jenstad, Tor Erik**

Butikk- og samvirkeord. Medlemsmøte for Coop-pensjonistar i Trondheim. 13.1.

Bygdakveld Hovin (lokalt dialektmagasin) 23.8.

Dialektkveld Budalen. (under festivalen ”Setersmak”) 4.7.

Dialektkveld Oppdal. 29.4.

Dialektkveld Stiklestad 21.1.

Dialektkveld Stjørdal Historielag 25.3.

Foredrag årsmøte NITO ved NTNU. 5.3.

Foredrag om nordmørsdialektane på bokkveld i Gjemnes mållag, Angvika. 19.11.

Grautdag Sørvalen i Åfjord (lokalt dialektmagasin) 6.9.

Griseprat og kraftuttrykk i tusen år (i lag med Karin Seim). Fagutvalet INL, Kafe Bliss. 24.9.

Humoristisk streiftog i trønderdialekten. Kåseri på julemøte i Norge Digitalt. 8.12.

Intervju med Andreas Lunnan på Levangermartnan. 26.2.

Kåseri for Coop-pensjonistar (Trondheim). 13.1.

Kåseri for pensjonistane i Adresseavisa. 15.9.

Kåseri om saftig språk i Charlottenlund Veteranklubb. 25.11.

Kåseri Telepensjonistane i Trondheim. 28.1.

Lokalt dialektmagasin Byneset (i samband med dansegalla) 26.9.

Materialet til Norsk Ordbok, med vekt på det trønderske. Innlegg på seminar om leksikalsk forskning i norske målføre og nynorsk skriftspråk, DKNVS. 9.10.

**Karlsen, Knut E; Rødningen, Dagfinn**

Brukarforskning. Døme frå ei undersøking av korleis einspråklege ordbøker blir utnytta i norskfaget i den vidaregåande skolen. Forelesning LEKS 1100 28.4. (dobbeltime).

Presentasjon av Norsk Ordbok. Forelesning LEKS 1100 12.5. (dobbeltime).

**Karlsen, Knut E.; Åse Wetås**

Internettpublikasjonar som kjelde i ordbøker – status og bruk. Foredrag Nordisk leksikografikonferanse i Tammerfors 4.6.

**Næss, Åshild**

The not-quite-case system of Vaeakau-Taumako: Animacy, salience and role distinguishability in a Polynesian Outlier language. *Case in and across languages*, Helsingfors, 27.8.

**Næss, Åshild; Toft, Ellen Hellebsotad**

Om normering og følgjer av denne: *støtte* vs *stytte* i Norsk Ordbok 2014. Kognitivt seminar, Universitetet i Oslo 19.11. og Møte om norsk språk (MONS), NTNU 26.11.

**Rødningen, Dagfinn; Karlsen, Knut E.; sjå Karlsen, Knut E; Rødningen, Dagfinn****Rødningen, Dagfinn; Worren, Dagfinn**

Ole Vig og vi. Folkeopplysning i Norsk Ordbok. Foredrag på MONS – 13. møte om norsk språk; 26.11.–29.11.

**Runde, Ålov**

Norsk, særleg nynorsk, dokumentasjonsleksikografi i framtida. DKNVS-seminar i Trondheim, 9.10.–10.10.

"Han skal til byen" vs "Han skal dra til byen" – ein kognitivgrammatisk analyse  
Innlegg i samarbeid med Kristian E. Kristoffersen, Marianne Lind og Hans-Olav Enger,  
MONS i Trondheim, 26.11.–28.11.

**Tandberg, Andreas m. fl.**

Den store klassetesten og Etymologipanelet. Presentasjon av Norsk Ordbok (og Det humanistiske fakultet) med bu på universitetsplassen i samband med Forskingstorget 2009. 18.9–19.9.

**Toft, Ellen Hellebostad; Næss, Åshild; sjå Næss, Åshild; Toft, Ellen Hellebostad****Vikør, Lars Sigurdsson**

"... de rareste Ord og Talemaader i Sproget". Arkivdagen 2009; 14.11.

Kjeldekritisk tilnærming til kjeldene for Norsk Ordbok. Norsk Ordboks juleseminar: 10.12–11.12.

Nynorsk ordbokshistorie med særleg vekt på Steinar Schjøtt's innsats. Leksikalsk forskning i norske målføre og nynorsk skriftspråk – med utgangspunkt i prosjektet Norsk Ordbok; 9.10.–10.10.

**Wetås, Åse**

*Danste, fiskte og snakte*: fleksjonen av a-verb i norske dialekter. MONS i Trondheim 26.11.–28.11.

Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale. FORSE-seminaret; 7.5.

Om Norsk Ordbok. Leksikalsk forskning i norske målføre og nynorsk skriftspråk; 9.10–10.10.

**Wetås, Åse; Grønvik, Oddrun**; sjå **Grønvik, Oddrun; Wetås, Åse**

**Wetås, Åse; Karlsen, Knut E.**; sjå **Karlsen, Knut E.; Åse Wetås.**

**Worren, Dagfinn; Rødningen, Dagfinn**; sjå **Rødningen, Dagfinn; Worren, Dagfinn**

**Aa, Leiv Inge**

Om opp og ned. Lansering av band 8 av Norsk Ordbok; 12.11.

**Aa, Leiv Inge; Åfarli, Tor Anders.**

Empirisk syntaksforskning. Oppstartseminar til MONS; 26.11.

**Radio/TV/Nett****Ellingsve, Eli**

Jakta på russensorde for Norsk Ordbok. NRK Finnmark og Troms [Radio] 5.1.

**Jenstad, Tor Erik**

Anekdote om barn som begynner seint å snakke. Språkteigen (reprise). 2.8.

"Banning". Temaartikkel i det digitale oppslagsverket *Allkunne*:

<http://www.allkunne.no/default.aspx?menu=48&id=1136>

Bygdakveld Hovin (Dialektmagasin) 23.8.

Dialektmagasinet. Går på NRK Trøndelag kvar onsdag. Skriv dessutan blogg i samband med dette: <http://www.nrk.no/torget/tag/dialektmagasinet>

Dialekt og nynorsk. Intervju på NRK Trøndelag. 21.1.

Eavesdropping i Språkteigen (reprise). 16.8.

Grautdag Sjørdalen i Åfjord (Dialektmagasin) 6.9.

Innslag i Språkteigen om å selje flesk. 15.2.

Intervju om banning. Student-TV'n i Trondheim (blir sendt onsdag 4.2.) 3.2.

Intervju om Norsk Ordbok bd 8 på Radio E6. 11.11.

Intervju på NRK Møre og Romsdal om eponym. 13.5.

Kvifor trønderar seier ”heite for”. Språkteigen. 24.10.

Ord for hypofyse. Språkteigen (reprise). 9.8.

Ord i dag i NRK Møre og Romsdal, om kommunikasjon med dyr. 29.4.

Ord og uttrykk i samband med jula. Språkteigen 27.12.

*Sjá – sje* i Språkteigen. 28.11.

### **Tandberg, Andreas**

Om Norsk Ordbok og Forskingstorget. Skumma kultur, Radio Nova [Radio]. 18.09.

### **Wetås, Åse**

Intervju i samband med lanseringa av Norsk Ordbok band 8. NRK Østafjells [Radio]. 11.11.

### **Aa, Leiv Inge**

Onsdagsportrettet, (mest) om Norsk Ordbok. NRK Sogn og Fjordane [Radio] 18.11.

## **Annan fagleg aktivitet**

### **Almenningen, Olaf**

Ansvarleg for spalta Dagens ord på heimesida til Ivar Aasen-tunet. Levert 10 nye ord i 2009.

### **Worren, Dagfinn**

Rettleiar på Sylvi Dysvik: "Frå spongvegjer til høgfartsbanar. Om nynorsk fagspråk og terminologi i lys av nynorsk fagleksikografi." Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur. Mai 2009. Høgskulen i Volda (135 + xvi sider).

### **Vikør, Lars S.**

Medarrangør av dagsseminar i emnet "Tradisjonsdisiplinene i nordiskfaget nå og i framtida" i samband med Maal og Minnes hundreårsjubileum. Oslo, 24.4.

Omsetjing av Marjolijn Hof: *Ein liten sjanse*. Samlaget

## **Very**

- Anneke Askeland
  - Medlem i SN/K 144, ein nasjonal referansekomité i Standard Norge for ISO/TC 37 (Terminologi og andre språk- og innhaldsressursar)
- Eli Ellingsve
  - Namnekonsulent i Midt-Noreg, Språkrådet
- Gudmund Harildstad
  - Medlem i av redaksjonen i meldingsbladet *Nytt om namn*

- Hege Fjeldseth Hellum:
  - Jurymedlem i litteraturkomiteen, Landslaget for språklig samling
- Ingunn I. Ims
  - Styremedlem i Landslaget for språklig samling
- Knut E. Karlsen
  - Medlem i Målpolitisk råd, Det Norske Teatret
  - Varamedlem, styret i Bymålslaget.
- Lars S. Vikør
  - Redaktør i tidsskriftet *Maal og minne*
  - Medlem i vurderingskomité i samband med lektorat i dansk dialektologi knytt til Peter Skautrup-senteret, Aarhus Universitet.
  - Medlem i opprykkskomité (dosentur i norsk) for Kjell Tørres Heggelund, Universitetet i Tromsø.
  - Styremedlem ILN, representant for fast vitenskapleg tilsette.
- Olaf Almenningen
  - Styremedlem i Riksfondet for nynorsk presse. Representant for Noregs Ungdomslag.
- Oddrun Grønvik
  - Nestleiar i Fagråd for normering og språkoobservasjon, Språkrådet
- Sturla Berg-Olsen
  - Medlem i skriftstyret for Nordisk forening for leksikografi
  - Styremedlem ILN, representant for mellombels vitenskapleg tilsette
- Tor Erik Jenstad
  - Varamedlem, styret i Norsk namnelag.
- Toril Opsahl
  - Medlem i skriftstyret til Landslaget for norskundervisning (LNU)
- Åse Wetås
  - Styremedlem i Norsk namnelag
  - Vara til styret i Nordisk forening for leksikografi

### **Gjester hos NO2014 i 2009**

- Aud Søyland, Språkrådet
- Audun Blokkum, Kunnskapshuset.
- Einar Schibevaag, Garborg-senteret
- Gudleiv Bø, Universitetet i Oslo
- Gunhild Hammeraas, Garborg-senteret
- Kjartan Helleve, Norsk Tidend
- Margunn Rauset, Islex-prosjektet, Universitetet i Bergen
- Roger Lockertsen, Universitetet i Stavanger

- Stefan Jacobsson-Schulstad, Uppsala Universitet
- Torstein Kvamme, Norsk skog og landskap
- Toyni Tobekk, Norsk Plan
- Øystein Eek, redaksjonssjef i Kunnskapsforlaget